

# BUDSJETT

**Ny som bonde? Skal du bygge nytt eller auke produksjonen?  
Korleis kjem inntektene og utgiftene gjennom neste år?**

**Ynskjer du å måle lønnsmda i dine produksjonar – løpande i året - og sjå korleis botnlinja  
vert? Ynskjer du å sette økonomiske mål å strekke deg etter?  
Eit budsjett vil hjelpe deg i desse situasjonane.**

## Føremål

Ved bruk av budsjett skal du :

- *Få trygghet i drifta* - få oversikt over kor store inntekter og utgifter du vil få ut frå di planlagte drift
- *Ta styringa over økonomien* - måle oppnådde inntekter og utgifter løpande i rekneskapet mot budsjettet pr. 2 eller 4 månader. Dette er spesielt viktig når produksjonen skal aukast.
- *Sette ambisjonar* - sett mål for innteninga i produksjonane, og gjennom rekneskapet måle om dette vert oppnådd gjennom året

## Kva er eit budsjett?

Budsjett er ein oversikt over alle forventa inntekter og utgifter på garden gjennom eit år, basert på opplysningar om produksjonen på garden.

Budsjettet kan delast inn i periodar med ønska lengde på 4, 3, 2 eller 1 månader. I dei fleste produksjonar vil det vera tilstrekkeleg nøyaktig og mest praktisk å lage eit budsjett pr. 2 eller 4 månaders periode.

## Korleis utarbeidar me eit budsjett?

### Produksjonsinntekter og -utgifter

Inntekter og utgifter pr. produksjon som inngår i drifta vert budsjetterte ut frå *pris \* mengde*.

*Mengde* – budsjettet vert laga ut frå kor mange liter mjølk, kg egg, kg slakt, kg potet osv. som vert levert pr.

periode. Denne informasjonen kan du, eventuelt saman med din fagrådgjevar, relativt enkelt finne fram.

*Pris* – utgangspunkt er forventa pris pr. liter mjølk, kg potet osv. inkludert alle kvalitets- og mengdetillegg som kan forventast å oppnåast.

Andre kostnader, som dyrlege, husdyrkontroll osv., vert budsjetterte som runde summar. Enkelte av desse vil vera noko vanskelegare å budsjettere på korrekt periode sidan det varierer meir kor tid dei kjem.

### *Døme på budsjett og rekneskap for mjølkeproduksjon*

Budsjett	Jan-Feb		Mars-Apr	
	Mengde	Pris	Mengde	Pris
Mjølksalg	22 801	4,64	29 029	4,38
Slakt ku	3	10 446	2	10 202
Slakt okse	-	-	-	-
Livdyr kalvar	3	3 400	3	3 400
<b>Rekneskap</b>				
Mjølksalg	22 801	4,60	30 022	5,41
Slakt ku	3	10 444	3	9 884
Slakt okse	-	-	1	863
Livdyr kalvar	3	4 166	-	-

### Faste kostnader

For løpande kostnader til maskinar, bygningar, energi, administrasjon osv. kan det vera noko vanskeleg å budsjettere til korrekt periode. Ei tilnærming vil vera å fordele lik kostnad pr. periode.

Større forventa vedlikehaldskostnader og liknande er det lettare å fordele korrekt.

Kor store faste kostnader skal det så budsjetterast med? Dette er avhengig av kva situasjon du står ovafor:

- Ved vidareføring av dagens drift kan erfarings- tal frå din gard nyttast som grunnlag, med justering ut frå framtidig drift
- Ved større auke i produksjonsvolum kan erfaringstal frå bruk i liknande situasjonar vera utgangspunkt. Men det er utfordrande å budsjettere riktige kostnader til maskinar og innleigd arbeidshjelp ved ulike produksjons- og driftsopplegg.

### Resultat

Etter å ha teke omsyn til forventa finansinntekter og -kostnader, finn me eit forventa resultat pr. periode.

Periode	Jan - Apr	
	Budsjett	Rekneskap
<b>Inntekter</b>		
Mjølksalg	272 000	267 445
Storfe slakt/livdyr	73 000	74 347
Gris slakt/livdyr	1 450 000	1 787 850
Prod.tilskot + kap.innt.	232 000	243 498
<b>Sum Omsetning</b>	<b>2 027 000</b>	<b>2 373 140</b>
<b>Varer</b>		
Krafftôr,grovfôr,dyr beite	547 000	534 854
Forbruksmatr,emballasje	27 000	21 687
Vetr.,ins.,husdyrkr.,anna	17 000	12 439
Kjøp livdyr	650 000	552 676
Såfrø,planter	17 000	16 980
Gjødsel,kalk	41 000	651
Plantevern,tenester	18 000	0
<b>Sum Varekostnad</b>	<b>1 317 000</b>	<b>1 139 288</b>
<b>Faste kostnader landbruk</b>		
Maskinar	76 000	66 161
Bygningar	40 000	11 211
Anna vedlikehald	20 000	18 856
Leigd hjelp	51 000	62 627
Energi,adm.	46 000	57 154
Andre faste kostn.	44 000	6 518
Avskrivingar - alle prod	102 000	101 600
<b>Sum faste kostnader</b>	<b>369 000</b>	<b>305 527</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>341 000</b>	<b>928 326</b>
Finansinntekter	4 000	1
Finanskostnader	-58 000	-50 736
<b>Resultat</b>	<b>287 000</b>	<b>877 590</b>

### Måling budsjett mot rekneskap

Når ein budsjettperiode er avslutta, vil me måle inntekter og utgifter mot budsjettet.

Når rekneskapet spriker negativt i forhold til budsjettet må dette få konsekvensar, elles er det jo ingen grunn

til å drive med dette. Fyrst må me vurdere kor alvorleg avviket er, så kva konsekvensar dette vil kunne få for økonomien, og til slutt kva tiltak som må settast i verk for å rette opp situasjonen.

Inntekter	Jan - Apr	
	Budsjett	Rekneskap
Mjølksalg	245 000	238 561
Storfe slakt/livdyr	149 000	126 443
Sau slakt/livdyr/ull	4 750	6 540
Gris slakt/livdyr	307 720	302 145
<b>Sum Omsetning</b>	<b>706 470</b>	<b>673 689</b>

### Kva krev dette av deg?

- Du må sette av tid til å vera med og lage budsjettet. Kanskje må du få fagrådgevar til å lage ein oversikt over korleis produksjonen vert neste år – levert kg mjølk, slakt osv. til kva tid på året.
- Du må levere inn bilaga til fastsette tidspunkt. Dette slik at me får ført rekneskapet og målt dette mot budsjettet.

### Kva kostnad og tidsbruk har eit budsjett?

I nye prosjekt vert det ofte investert fleire millionar i bygg og utstyr, og mange bruk har kr. 5-10 millionar i gjeld. Investering i styring av produksjon og økonomi bør då vera like naturleg. Eit budsjett skal gje deg og familien tryggleik for kva inntekter og utgifter de vil få til ulike tider gjennom året.

Budsjett vert laga på timebetaling.

Rekneskapet vil du uansett få ført gjennom året. Ekstraarbeidet vil vera å lage ei samanstilling av budsjettet mot rekneskapet pr. periode, samt oppfølging av budsjettet.

Kostnad mellom kr. 6.000 – 12.000 for eit budsjett med rapportering gjennom året vil vera realistisk for dei fleste.

#### Klepp Rekneskapslag SA

Postvegen 209  
4353 KLEPP ST.

Telefon: 5178 6990  
Telefax: 5178 6991

e-post: klepp@grl.no  
www.kleppgrl.no  
Org.nr. 971 557 397  
Bankkonto: 3290.05.90228